



Til den det måtte angå

Dato: 26.01.2016  
Vår ref.: 2014/559-22  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.:

## Fråvær for Sunniva Grov Framnes

Sunniva Grov Framnes er vald inn som varamedlem i Ungdommens fylkesutval av Ungdommens fylkesting 14. februar 2014, for eitt år. Ungdommens fylkesutval er eit arbeidande organ som er partipolitisk nøytralt og som skal jobbe for å fremje røysta til ungdom i Hordaland i den fylkeskommunale politikken. I praksis har det ikkje vore noko skilnad på faste medlem og varamedlem i utvalet.

I dette arbeidet er Sunniva medlem i gruppa som jobbar med opplæring og helse, og har i samband med det vore deltakar på ein høyring om korleis barnekonvensjonen vert implementert i Noreg. Denne høyringa vart organisert av Barne-, ungdoms og familiedirektoratet den 24. november i Oslo. Sunniva representerte her Hordaland fylkeskommune.

Ungdommens fylkesutval har ved anledningar dagsmøter for å ha tilgang til administrasjonen for spesifikk informasjon. Til dømes 5. november då Ungdommens fylkesutval fekk presentert fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016. Utvalet vart forventa å skrive ein uttale til forslaget. Same dag fekk utvalet møte fylkesvaraordførar Pål Kårbø.

Arbeidet som vert gjort i Ungdommens fylkesutval er omfattande og krev at medlemane set seg inn i sakane. Det har Sunniva gjort på ein utmerka måte, og har fått ein god forståing for korleis fylkeskommunal politikk vert utvikla.

Dersom det er noko spørsmål er det berre å ta kontakt med underteikna.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*